Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Aust Agder fylke.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gjövdal

Emne: Transport av höy

Bygdelag: — " —

Oppskr. av: Anne K. Askland

Gard: Askland

(adresse): Gjövdal på. f. 2/3-1905

G.nr. 20 Br.nr. 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og i samtale med bonde Aslak Askland f. 7/3-1893. Gjövdal

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Jau, transporten av höy har nok forandra seg, det vi veit om.
1 Men noko nemneverdig forskil på måten hjå bönder og småbrukaren var det ikkje — anna enn at småbrukaren drog heim höyet om vintren og bonden bruka hest.
No slår dei ikkje i utmarki lenger, dei sluttha etter siste krig lat oss sei 1946-47.
Og eg trur ikkje at småbruki heldt på lenger — enn dei större bruki.
2 Transporten til höystakk og höybu, var alltid å bera i taug. I eldre tid bruka dei reip (av ler)
Bertauget var tunnare og hegdi mindre, en på jöretauget.
Ei byr laga dei soleis: Dei la tauget på bakken med hegda i bugda. So kjemde dei breide og faste kjembar (ei) og la den fyrste bunntil hegda. (ei) Neste kjembe la dei inntil nr. 1. tredje oppå den fyrste og fjerde oppå nr. 2. femte kjembe la dei

13807

midt oppå 3 og 4. Dette var av gamalt.
Dit og hugsar hadde dei gjerne 6-7
hjembar i „byrd (ei)
Når dei hadde nok høy – kradde dei
taugendane ovanfrå på hegda, og ned
i mellom taugene – og drog til.
Velta byrda opp på ei forhøgning – slik
at det som hadde lege mot marki
kom til å kvile mot ryggen.
Dei letta gjerne byrda litt på knea
og drog den rektig fast. Letta dei
byri slik – kunne dei også bera heime.
So sette dei kneet mellom taugene
med dei heldt i desse – sette seg
nedpå og kradde armane einmunder
so at dei fekk ei taug på kvar
herd. Tok endane av tauga i høgre
hand – hadda seg attyver, og
slengde seg so framyver – og reis
opp, på til kike av gongi.
Var byrda tung å reisa opp med –
hjelpte rakstegjenta ved å letta i
byri attanfrå.
So var det å rusla til bu eller
stakk – og setja dei ned. Budøri var
jamt so låg, at dei måtte kasta
høyet inn etterpå. Då stod ein inne
og tok i mot, og ein var utanfor
og sende inn. Dei rekna 8 byrar
i bu, og 10 i stakk – til eit lass.
Bårsvelk, topp, sloe, kipe, snarsekk og
høytaug – er heilt ukjende her.
3 Høyet frå stear, nes og hei
køyrde dei heim på haust og vinter-
føre. I høyonna heime, bruka

13807

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



dei i eldre tid, Svegetrom (ut.) Det var laga av smale bord ca 8-10 cm br. Lange raumepåkar (lange smale stanglar svegar) og vidjor. Fyrst laga dei botn og sidor. Dei raude striki & raumepåkar



skøytte på midten. Dei la 2 påkar jamsides med fjøl i mellom – skifte so at den øvste påken kom under og den undoste opp – la ny fjøl (bord) i og heldt på so, til dei hadde passeleg breidde. So tok dei opp båe sidone so det vart holt. Tok dei lange ytre påkane og sveipte grindt om ein annan, for desse skulle dei arbeide vidare på for å få endar i tromet. Desse laga dei i rutor utav



bjørkevidjer. I bordi var der gjerne laga nokre smigar so ikkje borgane skulle glida ut. So sette dei tromet på høysleden, og bandt det fast med 4 vidjer. 2. framme og 2. bak, under kinn-bandet og opp i tromet.

Dei bruka ikkje høygaffel i gamal tid men leste i kjembord med river. Og jurde langs etter tromet. Festa taiget eller „reipe" i sleden – tok ein sueu oppi påkane so langs etter lasset og med på bakenden av sleden. Tvo sumarlass vart rekna som eit vinterlass.

Eg har bare sett eit slikt trom hjå farfar, då eg var smågjente.

No brukar dei vanlege høyvogne (men seir gjerne „høytrom") med gummihjul, eller andre hjul under.

13807

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Dei fleste brukar enno hest, men eindel også traktor. Og høgkanon.
Både fyrr og no blir det brukt some „trom" til høy og korn.
Der var ikkje pryskoning på „svigetromet" Der var ingen regel for kvar ein kunne køyre med slede eller høgtrom (vogn) Måtte dei yver annan manns eigedom spurde dei om lov til det.
Det var ingen regel for det siste lasset. Det vart etter som der var høy til. Og dei tok alt med seg, let ikkje noko ligge att — utan det var sjemt og verdilaust.
Til å gjere eit vanleg høy eller kornlass brukar dei mest jerntog; men sume også høgtong. Båe langsetter lasset.
Dei høya ofte med 2. hestar; men aldri 2. for ei vogn.
5 Fellesslått veit vi ikkje av; men når dei „leit-slo" (den eine heldt slått og den andre gjorde arbeidet, og so dela dei høyet) Då køyrde dei gjerne eit lass til kvar — alt fort.
Høyet frå skar og nes (i heimskogen) og frå heii — tok dei heim på haust og vinter føre.
Kven som bestemte tidi, var nok forskjellig. Alle hadde mykje høy, og ville gjerne få det heim på skipleg føre. Og dei var gjerne i lag og „la på vegen" (brøytte) Vi har som regel mykje snø, og det galt om å ha gode „treug" hestar.
I gamal tid var 'kje treugi heller so

13807

gode. Dei kalla dei oppstøtrug, og festa dei til hovudet med reim eller vidjer. For at dette ikkje skulle skade foten, måtte dei sveipe vadmålsfillor kring foten fyrst. Desse fillone heitte „trugsbjør". Å køyre høy var å vera „i høyskog". Når dei la på veien måtte dei ofte både „gjøre" (måke) og trakke føre. Hoggi bar og ved der det var uført — og anna. Og dei skulle hjelpast åt, til alle rødde framm. Men det forteljast at det var ein som ikkje ville vera med lenger en til sin eigen stakk. Då tok dei andre han og bandt han fast på sleden, snudde hesten på heimveg — og gav den nokre rapp. Men til vanleg var dei vel forlikte.

6.

Av gammelt var høysleden kortare og breidare, en i seinare år. No er den gode meteren breid og ca 2,60 - 2.75 m lang. Og dei brukar endestavar og grindar som dei festa på. Fyrr, i gamal tid lesste dei på sleden.

Men lat meg taka ein køyredag. Dei måtte tidleg opp for å gi hesten. Litt mat skulle dei ha med. Stevlane måtte vera smurde med „smolt" (tjøre og feitt) trug og trugsbjør turre og ETTER-sedde. So skulle dei ha med øks 3 tauger, eller reip „omlag" (3 lange smekre staur) og rive.

So var det å reise so fort dei „sjela" (såg) til det. Trugi måtte dei

13807

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Stundom binde på i tunet.
Dei hadde som sakt vore tidleg oppe
og åt som oftast opp maten på vegen.
Når dei kom fram til stakken, spente
dei hesten i frå – og gav den mat.
So var det å gjåre opp stakken, og
gjerne litt for sleden og, for det
var lettare å lesse når den stod
noko lågt. Når den var på plass
var det å få av vindvegar og belte,
og „guta" (det yste på kyllingi av
stakken) – dersom det var klaka og
styggt. Og so lesser vi eit gamal-
dags lass bare på sleden.
Det var litt av ei kunst og lessa
eit beint og greidt lass. For å ha
noko å retta seg etter tok dei opp
sjåkane (dratta) og hadde hegda
umpå X so dei vart ståande
framme på sleden i kross.
Bak sette dei opp omlagi i snøen
so langt dei ville ha lasset,
gjerne noko utanom sleden.
So var det å legge høyet på sleden
i greide fang – på båe sidor. Til
større og meir samanhengande fang
dei kunne ta, di betre. Det småhøy
og sneishøy la dei i midten.
Etter som dei lesste la dei lasset litt
ut. Skulle dei ha store lass, og var redd
at endane rapa ut – tok dei vidjebandi
av stakken og la i endane av lasset, med
gjoren inn mot midten. So la
dei høy oppå att, og dette bandt.
Eit høylass skulle „teppe" (smalne) litt
både nedan og ovantil. Når dei
hadde fått alt med – la dei på

13807

omlaga. Langs etter lasset, eit på toppen og dei andre to eit på kvar side.
So var det til å júre. Dei brúka eit stútt reip om midten og 2. lange i endane. Dei júrde tversover lasset, og so at det midtöste reipet snúdde med hegda eine vegen – og dei to andre hegdene andre vegen, for at dei ikkje skúlle júre det skakt.
So drog dei litt i kvart reip – til båe kantar. Stemde og drog til dei fekk det knallende hardt.
Når dei var ferdig og hadde „hegda" (festa) reipa, tok dei eit av lang=reipa – og snårde yver enden av lasset til same reipet på hi sida.
Men fyrst hadde dei reist opp vidje=band under tauget for å halda höyet inne.
So feste dei reipet der, og gjekk attende – festa reipet, i reipet – og yver att på hin kanten.
Sistpå drog dei det hardt til oppi hegda. Og so var den enden ferdig. Sidan gjorde dei likeins med den andre enden av lasset
So var det å spretta fóre, og draga på heimveii. På „hia" gjorde dei bare ei vende om dagen. På nes og stear gjorde dei feire 2- eller 3. (helst to.)
I 1902 var det so fint skarefóre på hia. Då köyrde dei forutan træ, kvar dei ville – og det aldri merkte. Men også det kunne ha sine ulemper. Lasset skreid der det var halvskakt. terreng, so dei

13807

måtte hogge meigar i skarden for slede meiarne. I slikt kaldt føre bruka du ikkje skoning. Men var det mildver måtte du ha — elles klabba det for falt.
I Klivane ned frå heia måtte du allteid vreiske, med to eller fe. vreistar (ein) Desse arbeidde du til på vegen, Såg du ei lita greid bjørk, vreid du den til på stubben — og skar den sidan av, og ha den ferdig til bruk.

Det hende av og til ulukkur i høyskog. Ein som heitte Orm Askland, kom soleis under lasset og vart drepen. Staden heiter Ormskår den dag i dag.

Lenger nede i Klivane har vi Larssprang. Sprang er ein bratt knik (bakke).
Her kunne ikkje hesten halde lasset. Lars vart sinna og bad „Gamle Erik" halde lasset for hesten. „Gamlen" gjorde det, so Lars kom ikkje av flekken.

Men korleis han vart løyst — seir ikkje soga noko om.
Når du so kom heim „øyktedags bel" (i 4 tidi) var det å få inn hesten og gi den mat. Få med inn træg og fillar til turk. Få seg mat sjølv og ein liten pust. Sidan var det å lesse av lasset — og sjå at alt var i orden til neste dag. Hadde noko gjenge sundt var det å få vølt det om kvellen.

Gjøvdal 2/1 - 1958.

Anne K. Askland.

13807